



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **9. februar til 15. februar**



Måndag 9. Kl. 11.00 - Seniortrim - Moster klubbhus

Tilbod som passer for seniorar i alle aldrar. Ta med treningsmatte og drikkeflaske. Pris kr 150 for eit heilt år.



Tysdag 10. Kl. 10.00 - Seniortur - Lyngholm - Ryvarden

Bli med Bømlo turlag på tur til Lyngholm - Ryvarden. Middels lett tur. Oppmøte og start på parkeringsplassen ved Svortland skule kl 10.00



Onsdag 11. Kl. 17.30 - Strikkekafe - Joker Finnås

Ta med strikk, anna handarbeid eller berre møt for ei sosial stund i kaffikroken på Joker Finnås.



Torsdag 12. Kl. 18.00 - Pensjonist men ikkje passiv - Bømlo folkebibliotek

Truls Horvei kjem på besøk med foredraget *Pensjonist men ikkje passiv*. Eit foredrag om overgangen frå eit aktivt, sosialt yrkesliv, til noko ukjent. Horvei vil koma med råd om kva ein kan ta seg til som pensjonist, og fortelja om bøkene sine *Framoverlent i fluktstol* og *Små fristelser*. Arrangementet er gratis.



Fredag 13. Kl. 21.00 - Tre på tvers - Kulleseidkanalen gjestehamn

Konsert med Arne Kvarven, Ole Jacob Hystad og Håkon Tolås. Dei byr på eit samspel av klassisk, jazz og leiken improvisasjon. Billettar kan kjøpast på kulleseidkanalen.no Pris kr 395

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Kunnskapsformidlaren Klaffetelegrafen

- Me ynskjer å formidla variert stoff frå litteldre tider. I årets Klaffetelegrafen har me konsentrert oss om stoff frå andre verdskrige samband med 80 års fredsmarkeringa, fortel Osvald Gilje.

Han er medlem i skrivarnemnda til Bremnes sogelag. Dei etablerte seg i 2022 og arbeider med å samla og publisera lokalhistorisk tradisjon og kunnskap frå nordre del av kommunen.

Signalanlegg frå Napoleonskrigane

- Klaffetelegrafen er oppkalt etter det gamle signalanlegget på Sønstabø som skulle varsla om angrep under Napoleonskrigane.

Frå årets Klaffetelegraf er det m.a historien om Alfred Sortland sitt opphald i tyske konsentrasjonsleirar og den dramatiske historia til Unvald Robberstad som var med då tyskarane med slagskipa Tirpitz og Scharnhorst i spissen angreip Svalbard. Elles ei interessant historie om gamleheimar og institusjonar i Bremnes-området.

Laget har om lag hundre medlemar, men har plass til fleire. Ynskjer du medlemskap, er det enklast å melda seg inn med **SMS til 918 65 873**. Sogelaget ynskjer både tips og skribentar som kan skriva om ulike historiske tema. Har du tips kan du ta kontakt med Osvald Gilje på **mobilnr. 451 42 872**



Foto: Bremnes sogelag

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00